



KYRKJEBLADET

FOR VESTNES

NR. 3 - DESEMBER 2018

23. ÅRGANG



Ingunn Bjørdalsbakke

Gledeleg jul

Elisabet og Maria

(Lukas 1)

8-13: Ein dag gjorde Sakarja presteteneste for Gud, for turen var komen til hans vaktskift. Dei kasta lodd, som skikken var blant prestane, og det fall på Sakarja å gå inn i Herrens tempel og brenna røykjelse på altaret. Medan offeret vart bore fram, stod heile folkemengda utanfor og bad. Då synte ein Herrens engel seg for han på høgre sida av røykjelsesaltaret. Sakarja vart slegen av redsle då han såg dette. Men engelen sa til han:

«Ver ikkje redd, Sakarja!

Bøna di har vorte høyrd.

Elisabet, kona di, skal føda deg ein son,

og du skal gie han namnet Johannes.»

26-31: Men då Elisabet var i sjette månaden, vart engelen Gabriel send frå Gud til ein by i Galilea som heitte Nasaret, til ei jomfru som var lova bort til Josef, ein mann av Davids ætt. Namnet hennar var Maria. Engelen kom inn til henne og sa: «Ver helsa, du som har fått nåde! Herren er med deg!» Ved desse orda vart ho forskrekka og undrast på kva denne helsinga skulle tyda. Men engelen sa til henne:

«Ver ikkje redd, Maria! For du har funne nåde hos Gud.

Høyr! Du skal bli med barn og få ein son,

og du skal gie han namnet Jesus.»

39-45: Nokre dagar etter drog Maria av stad og skunda seg opp i fjellbygdene, til den byen i Juda der Sakarja budde. Der gjekk ho inn til Elisabet og helsa på henne. Då Elisabet høyrde helsinga frå Maria, sparka barnet i magen hennar. Ho vart fylt av Den heilage ande og ropa høgt: «Velsigna er du



mellom kvinner, og velsigna er frukta i ditt morsliv. Korleis kunne det henda meg at mor til Herren min kjem til meg? For då lyden av helsinga di nådde øyret mitt, sparka barnet i magen min av fryd. Ja, sæl er ho som trudde, for det Herren har sagt til henne, skal oppfyllest.»

Undring rundt Maria og Elisabet, Luk. 1,39-56

Av sokneprest Anders Barstad

Mange av historiene i Bibelen og spesielt det Nye Testamentet, er kortfatta, komprimerte, og med ekstremt stor verknad. Når ein tek seg tid til å lesa sjølvve teksten, og lar tankane gå omtrent 2000 år tilbake, så skjønner ein at dei få orda som står om Maria og Elisabet sine graviditetar, er sprengstoff!

Sjølv om dei er i slekt, er dei ganske forskjellige dei to kvinnene. Elisabet har ønskt seg barn heile livet. Ho var skamfull over at ho og Sakarja ikkje hadde klart å lage etterkomarar. Maria var ikkje komen så langt at ho hadde begynt å tenke skikkeleg på det.

Kva tenkte dei om kvarandre desse kvinnene? Det står der ingenting om i Lukasevangeliet. Dei må ha hatt eit greitt forhold til kvarandre, sidan Maria ønskte å reise på besøk til Elisabet, og Elisabet ønskte ho velkommen. Men likevel: syntest Elisabet at Maria var eit lite barn som var alt for ung

til å få barn, og syntest Maria at Elisabet var så gammal at ho burde gi opp draumen?

Var Elisabet misunneleg på Maria for at Gud hadde sendt engelen Gabriel rett til ho, og ikkje hadde latt ektemannen gå med beskjed? Ho ga ikkje uttrykk for det – slik det er skrive – men vi menneske er ikkje alltid så flinke til å gi uttrykk for alt vi føler. Ut frå eit menneskeleg perspektiv må det også vere lov å undre seg på kva Elisabet følte, om det å ikkje vere den som skulle få føde Herren, men ha ei meir beskjeden rolle.

Historia om Maria og Elisabet er svært velordna. Ho er prega av Lukas sitt behov for orden. Kanskje er det meir på sin plass her enn mange stader. For ein kan sjå for seg at Elisabet og Maria syntest dei stod i ein ganske kaotisk situasjon, ein situasjon som metaforisk kanskje kan samanliknast med den

vi finn heilt i byrjinga av det Gamle Testamentet: Jorda var aud og tom, mørker låg over djupet, og Guds ande svedde over vatnet. Då sa Gud: «Det skal bli lys!» Og det vart lys. (1. Mos 1, 2-3). Der var kaos, og Gud ordna kaoset, han skapte kosmos. Kanskje bidrog Lukas også til å sortere alle dei følelsane, uttrykka og kanskje forvirringa, som desse kvinnene og sikkert dei rundt dei hadde.

Tenkte Maria og Elisabet at dei var med på ei skaping? I så tilfelle, så var det nok fødselen av «Herren min», som Elisabet uttrykte det. Ein kan tenke at det er fantastisk at Maria sin lovsong har blitt overlevert så detaljert som han er teikna ned, og det i 80 - 85 år, fram til Lukas skreiv sitt evangelium. Kanskje det er derfor han blir kalla Magnificat?

Det er fascinerande å lese om to kvinner som er glade for at dei skal få føde Guds son og ein av dei andre, viktige personane i historia vår. Det slår meg at ein må leve tett på Gud for i det heile å akseptere at dette skal vere slik - for å vere klar til å ta innover seg at ein skal få ein slik framtrekande plass i historia - heilt utan å gjere noko for det sjølv. Desse kvinnene våga å kjenne igjen Gud når han kom til dei på den eine eller andre måten.

Ofte høyrer ein nokon seie at «skal tru om eg hadde kjent att Jesus om han kom att no, og eg treffe han på gata?» Underforstått: Lever eg nær nok Jesus til å kjenne han? Mange er redde for at dei ikkje villa kjent han att - at dei ikkje lever nær nok Jesus til at dei ville ha klart det.

Til liks med alle andre veit eg ikkje når Jesus skal komme att. Men eg veit at vi alle har mange anledningar til å møte han kvar dag, - på gata, heime, i ei bok eller på andre måtar. Utfordringa frå meg til oss alle denne jula er derfor å forsøke å tenke at ein kan vere open for Jesus i kvardagen - at der ikkje er eit skilje mellom livet vårt med Gud og livet vårt elles. Vi lever i Guds rike her på jorda, og det gjer at vi kan møte han kvar dag i alt vi gjer - sjølv om vi aldri får vere den som møter Jesus på gata!



”Livet og evigheten”

Av Kari Moe Elgsaas



Forsidebiletet på julenummeret vårt er eit metallarbeid av Ingunn Bjørdalsbakke.

Ingunn, som er sjølvlært, har drive med kreativ biletkunst av ulikt slag i store delar av livet. Dette biletet er eit tidleg arbeid som først vart utført i svart/kvitt og seinare overført til dette metallarbeidet.

Biletet har, som vi ser, to lag.

Ytst ser vi Guds ansikt. Innan-

for og omslutta av Guds ansikt, ser vi Maria med Jesusbarnet til høgre, og mennesket til venstre. Maria løftar barnet sitt høgt og stolt på armen. Ho er trygg i si rolle. Mennesket derimot snur seg bort som i skam eller avmakt. Kva som får oss til å bøye oss i skam eller avmakt overfor Gud eller om vi samanliknar oss med Maria, kan vere så mykje forskjellig. Vi vil aldri komme godt ut av ei samanlikning med Maria uansett livsførsel, haldningar eller gode intensjonar. Nettopp

difor vil nok dei aller fleste av oss kunne identifisere seg med mennesket på biletet.

Her er det viktig å merke seg at mennesket er innanfor Guds tanke og rekkevidde, innanfor Guds omsorg på lik linje med Maria og Jesusbarnet. Vi kan også merke oss at i fargeval er mennesket utstyrt med same fargar som Maria og Jesusbarnet. Gullfargen og den djupe raudfargen har begge tung symbolverdi, begge er himmelfargar.

Biletet er ein ypparleg illustrasjon til julebodskapen som vi no går i møte. Jesusbarnet blei fødd for å frigjere oss menneske frå skam og avmakt. Slik får vi alle tilbod om å vandre frå dette livet og over i det evige, slik tittelen formidlar: Livet og evigheten. Nettopp denne bodskapen ønskjer Ingunn å formidle med dette biletet og anna kunst ho har laga; at Jesus blei fødd for å gi alle som trur på han, løfte om eit evig liv i himmelen.

I det heile har Ingunn laga eit uttrykksfullt bilete til ettertanke.

Min julesalme

Kyrkjebladet har gjennom fleire år spurt enkeltpersonar om kva som er deira spesielle julesalme. I år stiller vi spørsmålet til Njål Sellereite og Ingvild Venås Sánchez.

Njål Sellereite:

Njål ønskte nokre dagars tenketid før han ville ut med kva julesalme han er aller mest glad i, men då vi kontakta han på nytt, kom det utan nøling: «Eg liker best Det lyser i stille grender». Jakob Sande er dessutan ein forfattar Njål sett pris på elles òg.



DET LYSER I STILLE GRENDER

av Jakob Sande

Det lyser i stille grender
av tindrande ljøs i kveld,
og tusene barnehender
mot himmelen ljosa held.

Og glade med song dei helsar
sin broder i himmelhall,
som kom og vart heimsens Frelsar
som barn i ein vesal stall.

Der låg han med høy til pute
og gret på si ringe seng,
me' englane song der ute
på Betlehems aude eng.

Der song dei for fyrste gongen
ved natt over Davids by
den evige himmelsongen,
som alltid er ung og ny.

Den songen som atter tonar
med jubel kvar julenatt
om barnet, Guds Son, vår sonar,
som døden for evig batt

Ingvild Venås Sánchez:

Dette er eit lett val.
"Mitt hjerte alltid vanker" er og har vore min favorittjulesalme, alltid. Kvifor? Fordi han uttrykker så klart eit personleg forhold til Jesus. Saman med salmediktaren kan eg når eg les eller syng julesalmen, erkjenne og gi uttrykk for mitt ønske for livet mitt som er å ha Jesus i hjertet og leve med denne erkjenninga.



MITT HJERTE ALLTID VANKER

Av H. A. Brorson


Mitt hjerte alltid vanker
i Jesu føderom,
der samles mine tanker
som i sin hovedsum.
Der er min lengsel hjemme,
Der har min tro sin skatt;
Jeg kan deg aldri glemme,
velsignet julenatt!

Den mørke stall skal være
mitt hjertes frydeslott,
der kan jeg daglig lære
å glemme verdens spott
Der kan med takk jeg finne
hvori min ros består,
når Jesu krybbes minne
meg rett til hjerte går.

Men under uten like,
hvor kan jeg vel forstå
at Gud av himmelrike
i stallen ligge må!
At himlens fryd og ære,
det levende Guds ord,
skal så foraktet være
på denne arme jord!

Akk, om jeg opp vil lukke
mitt hjerte og mitt sinn
og full av lengsel sukke:
Kom, Jesus, dog herinn!
Det er ei fremmed bolig
Du har den selv jo kjøpt
Så skal du blive trolig
her i mitt hjerte svøpt.

Jeg gjerne palmegrene
vil om din krybbe strø
For deg, for deg alene
jeg leve vil og dø
Kom, la min sjel dog finne
sin rette gledes stund
at du er født herinne
i hjertets dype grunn.



Vi synger med Maria

Vi synger med Maria vår store glede ut
til ham som gav oss Jesus, til himlens høye Gud.
For hellig er hans navn, ja, hellig er hans navn.

Hans arm er sterk og mektig, med velde går han frem,
men ser de små og svake og elsker nettopp dem.
For hellig er hans navn, ja, hellig er hans navn.

Han lar sin nåde strømme mot sine barn på jord.
Han holder det han lover. Vi stoler på hans ord.
For hellig er hans navn, ja, hellig er hans navn.

Se, alle folk på jorden, de storverk Gud har gjort:
De sultne gir han gaver, de rike sendes bort.
For hellig er hans navn, ja, hellig er hans navn.

Stem opp den store lovsang om all Guds kjærlighet!
Syng gledens sang om Jesus i tid og evighet!
For hellig er hans navn, ja, hellig er hans navn.

Eyvind Skeie, 1980

Møte med Helma Misund

Av Audbjørg Gjerde Lippert



Vi møter Helma i den koselege stua hennar inne i Remmemsbukta for å snakke om dikta ho har skrive gjennom eit langt liv. Ni år gammal skreiv ho sitt første dikt, og opp gjennom åra er det blitt meir enn hundre av dei, fortel Helma. I haust har Kulturskulen hatt fleire arrangement rundt om i kommunen med framføring av tekstane hennar, og fleire av dei er blitt tonesette. I alle år har dikta hennar vore publiserte i aviser og blad. Klope tankar og livsvisdom møter oss gjennom fin versekunst. Ofte hentar ho tema frå naturen, som ho er svært glad i. Helma har klyve i fjell og fiska i vatn og sjø, og dei mange turane har gitt inspirasjon til diktinga hennar. Dagleglivet er òg fint skildra, og interessante tema er tatt opp gjennom det som ramme. Ho har hatt ein trong til å uttrykke seg, koste kva det koste ville. Som lesarar kan vi vere takksame for den trongen. Nedanfor finn vi tre av dikta hennar som har mykje av dette i seg.

MUSLING

Eg er ein musling.
Berre ein ørliten opning
vender seg mot straumen,
berre så vidt at eg
bergar livet.

Ein dag kjem
perlefiskaren hit,
riv meg laus frå botnen,
dreg meg sanselaus
mot lyset.

Eg skal døy
den dagen,
eg skal ofra livet
fordi perla mi
skal leitast fram
frå si såre gløymsle.

Perla skal leva,
ho er kosteleg,
det er ikkje eg.
Men før var det
mi perle,
skapt av liding.

KUNSTNARSINN

Det gjevaste teppet mitt,
spør du?
Det er det eg tek
til på i morgon,
det som har spøkt
i mitt indre
under andre gjeremål
eller i svevnlause næter.

Den finaste tonen min,
spør du?
Ein gong skal han kledast
i notar og teikn
og audmjuk fortelje
om vårvind og regn,
om brear som brånar
og knoppar som sprett.

Det vakraste diktet mitt,
spør du?
Enno er ikkje det
diktet blitt fødd,
framleis ligg jarnet
i eld og blir glødd
til den dagen
eg tek til å smi.

SISTE DIKT

Siste dikt skull' vore hogd i stein
eller skrive med svijarn på veggen.
Eg skjønar ikkje at dette kan skje,
eg har ingen meisel å gjera det med
og svijarnet kolnar i essa.

Med hjartet på rette staden..

Av Asbjørn Gisnås



Mange i Vestnes kjenner Aslaug Balstad, og eg trur dei fleste av desse tenkjer på ho som ein blid, snill og svært omsorgsfull person med eit stort hjarte. Nyleg fylte ho 85 år, og Kyrkjebladet fekk ein prat med henne.

Aslaug voks opp i Fjørå. Ho var berre eit halvt år gammal då den store Tafjordulykka hende. Flodbølgja ramma Fjørå hardt, men Aslaug og hennar næraste familie var mellom dei som overlevde.

Som ungdom tok Aslaug utdanning som barnepleiar. Ho gifta seg med Georg Balstad frå Tingvoll, og dei flytta til Vikebukta i 1959. Dei fekk 5 barn. Georg var styrar på Handelslaget, seinare vaktmeister ved Gjermundnes landbruksskule, og dei siste åra han levde, var han også ordførar i Vestnes. Han døde altfor tidleg, for 30 år sidan.

Aslaug har vore aktiv i foreiningsliv, kyrkjelyd og bygdeliv heile tida etter at ho kom til Vikebukta. Ho leia barneforeininga Solstrålen i lang tid, det same med kvinneforeininga for Sjømannsmisjonen, og ho har vore med i fleire andre foreiningar. Når Santalmisjonen, seinare Normisjon, hadde julesalg på Vestnes bedehus, var Aslaug primus motor. Ho er ein lettsjurd person, som sjeldan seier nei.

For Aslaug er det ingen motsetnad mellom foreiningsarbeid og engasjement for kyrkja.

- Eg er glad i kyrkja vår, seier ho.

Mest heile 1980- og 90-talet var ho med i Vike sokneråd. På 90-talet var ho også tilsett som klokkar i Vike kyrkje i mange år. Og så er ho sjølv sagt ein trufast kyrkjegjengar.

Det var naturleg for Aslaug å engasjere seg i kyrkja sitt diakoniarbeid, - som diakonikontakt i soknerådet og medlem i diakoniutvalet i Vestnes, men først og fremst i aktiv besøks-teneste. Å besøke sjuke, gamle og einsame var ikkje nytt for henne, det har ho gjort heile tida på eige initiativ. Det er mange som har fått kjærkome besøk av Aslaug, gjerne med kaffikanne og nysmurde lefser i korga.

- *Kvar har du den sterke haldninga til omsorg for andre frå?*

- Eg er oppvaksen med det. Mor og far brydde seg om og hjalp andre i den vesle bygda, dei var glade i folket.

Det har eg nok arva, eg òg er glad i folk.

Lefsene til Aslaug har eit godt rykte. Den tida ein kunne få kjøpt dei på julesalet på Vestnes bedehus, gjekk dei fort unna. Aslaug har vore raus til å dele med andre, både av lefser og andre ting ho har laga.


Dei siste åra har Aslaug streva ein del med helsa. Det er ikkje like lett å bake og styre lenger.

- Eg har arva nokre plager frå mor mi, mellom anna problem med ryggen, seier ho.

Motet har ho framleis likevel, - ho er ikkje den som set seg til. For ikkje lenge sidan kjøpte ho ny bil!

- Eg grua meg litt for å skulle køyre ein annan bil enn den gamle. Det er uvant med automatgir, men det går nok bra. No er eg glad eg fekk gjort byttet og håper å kunne kome meg rundt nokre år til.

Vi takkar Aslaug og vonar ho kan få mange gode dagar og år vidare.



Anders Barstad - ny sokneprest i Vestnes

Ved Audbjørg Gjerde Lippert



«Eg er glad i folkekyrkja, og vil gjerne at folk skal føle seg heime der», seier Anders Barstad, som tok til som prest i Vestnes 6. august, men som tiltredde formelt 19. september då han blei ordinert. Han held fram: «Eg ser fram til å møte folk både i glede, sorg og kvardag, og

ønskjer å oppleve det som ser ut som eit variert gudstenesteliv.»

Barstad føler seg godt motteken av staben i Vestnes og folket i Vike og Tresfjord. Det er dette området han vil vere sokneprest for.

Barstad, som er ålesundar, er siviløkonom og har arbeidd bl.a. i Innovasjon Norge. Han er åleinefar til to unge søner, då kona døydde for nokre år sidan. Ønsket om å

studere teologi voks etter kvart fram, og 51 år gammal blei han ordinert til prest. Det kan kanskje verke som ein stor overgang frå tidlegare yrkesliv, men sjølv seier han at steget ikkje er så langt. Børs og katedral handlar begge om forvaltning, og no er det Guds rike han er sett til å forvalte. Som ungdom vart han med i speidarørsla, noko han framleis er, var faktisk med på speidarleir sist sommar, men no i ei meir administrativ rolle. Kanskje var det dette som gjorde at han etter kvart følte trong til å gå djupare inn i den kristne læra. I studietida har han vikariert som prest, mellom anna som fengselsprest.

I ordinasjonsgudstenesta sa biskop Midttømme følgjande: «Løftet du har gitt i dag, er stort, men nåden er endå større. Ver frimodig og raus med nåden.» Deretter heldt Barstad ei kort preike der han mellom anna var inne på den kristne trua og håpet oppstoda gir, - eit godt utgangspunkt for arbeidet som prest.

Kyrkjebladet ønskjer nypresten velkommen til Vestnes og lykke til med arbeidet her.

Trusopplærar Kristine Simonnes

Av Kari Moe Elgsaas

Den nye trusopplæraren vår er ein smilande og blid 28-åring frå Volda som gler seg til å gå inn i denne jobben fordi ho ønsker å arbeide med kristent arbeid. Av utdanning er ho sosionom. I tillegg har ho to årseiningar, ei i Drama og ei i Interkulturell forståing, og ho har bibelskule både frå Canada og frå Stavanger. Til tross for sine unge år har ho allsidig yrkeserfaring. Høyr berre her; ho har jobba i utekontakten i Bergen, arbeidd i bufellesskap for einslege, mindreårige, flyktningar, jobba i SFO, i barnehage og som lærarvikar, og ho har vore ungdomsleiar i ein pinsekyrkjelyd i Volda.

Kristine er medlem av Den norske kyrkja, men har ferdast i og vore aktiv i ulike miljø og i ulike tverrkyrkjelege organisasjonar. No er ho aktivt engasjert i oppstarten av UiO (ungdom i oppdrag) i Molde. Difor vart ho svært glad då det opna seg for denne jobben som trusopplærar hos oss i Vestnes. No står ho overfor spennande oppgåver og kan nyttiggjere seg tidlegare erfaring, spesielt frå vikarlærarjobben, meiner ho.

Kva gjr ho så når eller om ho har litt fritid, tru? Ho liker

å trene på trenings-senter, ho er og har vore aktiv i lovsongs-team, og ho driv med film, musikk, dans og drama. Kanskje nokon har sett henne i mindre roller på film? Eller kanskje nokon har sett henne danse på OASE-stemne?

Vi ser i alle fall fram til å møte Kristine i ulike samanhengar, bli betre kjend med henne og nyte godt av hennar allsidige bakgrunn og mange interesser.

Vi ønsker henne velkommen som trusopplærar i Vestnes.



Kantor og organist Sissel Schiøtt takkar for seg etter 18 år

Av Kari Moe Elgsaas

Sissel har fleire gonger fortalt at ho søkte denne jobben fordi ho ville spele meir sjølv enn det ho gjorde som mangeårig kulturskulelærer. Og ho har sanneleg fått spele desse 18 åra; seint og tidleg, helgedagar og yrkedagar, overalt i kommunen, til gudstenester, gravferder, bryllaup og på konsertar. Oppgåvene har stått i kø, og dagane har vore travle. Jobben har likevel vore både givande og inspirerande, og difor har ho stått på desse åra. No derimot når ho har nådd pensjonsalderen, gler ho seg til å gå eit rolegare liv i møte.

Vi andre kjem til å sakne Sissel som dirigent framfor kor, som pianist framme i kyrkja og som organist på krakken på galleriet. Alle som har sett Sissel i full konsentrasjon på krakken, med føtene dinglande over pedalane, rak i ryggen, vippande framme på krakken for å ha balanse og rett vinkel til tangentane, har nok latt seg imponere av det denne vesle dama på 157 cm har fått ut av vellyd på etter kvart gamle og utrangerte orgel. At denne arbeidsstillinga har vore ei stor påkjenning for ryggen, har vi andre stort sett vore uvitande om.

Få, om nokon, kjenner kyrkjelydane våre betre enn Sissel. Når ho og presten i samarbeid skal velje salmar, må dei ta omsyn til dagens tekst, kyrkjeåret, årstida og at salmane skal vere songbare. I tillegg må Sissel alltid vurdere spesialtilpassing til dei ulike kyrkjelydane. I Fiksdal passar det med gamle lovsongar på grunn av kraftige stemmer frå medlemmer i mannskoret. I Vike passar det med nyare og meir ungdommelege salmar. I Vestnes er kyrkjelyden meir samansett, her kan ein aldri vite kven som kjem, difor passar det med tradisjonelle, kjende salmar. I Tresfjord må det vere folketonar og nynorsk tekst.

For Sissel er songen svært viktig i gudstenesta. Hennar kjepphest er at vi bør stå når vi syng i kyrkja. Først då kjem salmane til sin rett. Då får vi nok luft til å syngje godt. Når vi sit samansunkne i kyrkjebenkane, får vi for lite pust og kraft til å syngje godt. I dette er Sissel fjellstø. Ho vedgår også at ho trivst svært godt med å vere vanleg kyrkjegjengar og syngje ut utan å ha ansvar for musikken.

Mykje har endra seg i løpet av desse 18 åra som organist. Spesielt til gravferder og bryllaup ønsker folk no andre typar songar og musikk i andre sjangrar. No kjem det ønske frå musikalar og frå popmusikk blant anna. Det er vanskeleg å seie nei til folk sine personlege ønske sjølv om det gjer kvar dagen endå meir hektisk. Folk er ikkje klare over kor tidkrevjande dette er. Organistar over heile Norge er frustrerte, men

strekker seg langt for å imøtekomme ønske til tross for meirarbeid. For ein organist har aldri god tid. Oppdraga kjem tett, ein må lære seg nye stykke raskt, og det skal alltid lyde fint. Ein organist kan aldri stoppe og tenke seg om slik vi andre stort sett kan. Stoppar musikken eller salmesongen, blir det feil, difor må ein organist vere snartenkt. Det positive i dette, er at ein ikkje har tid til å vere nervøs, ler Sissel.



Foto: Audbjørg Gjerde Lippert.

Den viktigaste eigenskapen Sissel har etter 8 år med høgare musikkutdanning, først til organist, så til kantor, og deretter eit langt liv bak instrument, er at ho er notesterk. Ho les notar svært raskt, noko som har kome godt med mange gonger. Sjølv om ho difor kan spele alle salmane i Koralboka utan å øve først, tar ho kvar salme som ei ny og ukjend utfordring, til tross for at ho har spelt salmen hundre gonger før. Det same gjeld liturgien. Slik blir organistjobben aldri kjedeleg.

Sissel som er utdanna klassisk pianist, hevdar sjølv at ho var for ambisiøs dei første åra i jobben. Då øvde ho blant anna inn avansert orgelmusikk. Tidsnød og nye krav som ny salmebok og ny liturgi gir, gjorde at ho måtte redusere på dette. No derimot når ho blir pensjonist, skal ho ta opp att denne typen kosespeling. For ho skal halde fram med å spele mykje, men utan å måtte lære nytt heile tida. No vil ho øve på det pianotekniske og bli klassisk pianist igjen.

Om ho kjem til å sakne jobben? «Heilt klart. Eg kjem til å sakne gode, nære møte med menneske. For det er mange fine folk i Vestnes.»

Vi som har hatt gleda av å høyre Sissel spele, og å syngje til orgeltonane hennar, kjem til å sakne den vesle dama i flagrande, fargerike gevantar som har trylla fram musikk for oss. Men vi vil aldri gløyme det vakre, inkluderande smilet hennar. Så: **tusen, tusen takk for innsatsen, Sissel.**

Skogane, jorda sine grønne lunger (2)

Av Per Audun Høgset. Foto: Audbjørg Gjerde Lippert.

Mange kjenner til at *tropisk regnskog* i den varmare delen av kloden må vernast, og du kan støtte dette arbeidet gjennom å vere regnskogfadder i «Regnskogfondet» eller gjennom støtte til organisasjonar som Greenpeace og WWF. Gjennom støtte til slike organisasjonar er vi med på å verne om jordas grønne lunger og å sikre eit mangfald av artar både over og under jordoverflata. Mange artar er enno ukjente; nokre av desse kan til dømes gje oss alternativ medisin no når så mange bakteriar ikkje lenger lèt seg knekke av penicillin. Regnskogen er viktig for ulike grupper av urbefolkning som lever meir i pakt med naturen enn det vi gjer. Regnskogen og store sumpområde er også lagringsplass for store mengder karbon.

Det som kanskje ikkje riktig så mange kjenner til, er at vi også har ei form for *norsk regnskog* som det er viktig å ta vare på. Riktignok ikkje fullt så rik på artar som den ein finn i varmare strok, men her finn ein til dømes lav og andre vekstar som berre finst i desse skogane. Mangt av det som trivst i dei små norske «lungene», står på den såkalla «rødlista» over alt som er trua av utsletting. Slike små område med regnskog finn vi langs kysten frå Lindesnes til sørlege delar av Trøndelag. Dei er svært sårbare for forureining, klimaendringar, bygging av hus, hytter og vegar. I europeisk samanheng er desse områda eineståande, men ingen av dei kan karakteriserast som urørte.

Boreal barskog dannar eit breitt belte av gran, furu, lerk, lauvtre og myr som startar i Noreg og fortset gjennom Sverige, Finland, Russland, Alaska og Canada. Eit enormt område, ei stor grøn lunge som fungerer som eit kjempestort karbonlager, samtidig som det produserer livsviktig oksygen. Diverre er også dette skogbeltet trua av menneskeleg aktivitet som hogst og følgene av klimaendringar og forureining. Spesielt gammal, urørt skog forsvinn, og også i Noreg er det vanskeleg å få gehør for å ta vare på denne. Biolog Dag O. Hessen (kjent frå TV) uttalte i 2013 at «det er litt symptomatisk for Norge. Man fokuserer på hva man kan gjøre med norske penger utenlands og ikke hva man kan gjøre her hjemme.» Her tenkte han nok spesielt på den viktige funksjonen som desse skogsområda har som karbonlager, også i vårt land. I og med at denne skogen ligg i område med kaldt klima, rotnar daude tre og anna mykje saktare enn til dømes i tropiske regnskogar. Derfor blir karbon liggande i bakken. Ved snauhogst går forrotninga raskare, og det fører til at vi får meir CO₂ (karbondioksid) i atmosfæren, at



mindre av varmen frå sola forsvinn ut i verdsrommet, og at temperaturen på jordkloden stig sakte men sikkert med dei konsekvensane det får. Drivhuseffekt og global oppvarming er kjente omgrep for dei fleste. Spesielt den gamle urørte skogen, men også store område med myr, er viktige som karbonlager i dette barskogbeltet. I tillegg er den gamle skogen og myra viktige som levestad for ei mengd ulike artar, både stort og smått, i lufta, i trea, på bakken og nede i molda og i myra.

Vår livsstil og vårt høge forbruk er med på å legge desse områda under sterkt press. Skal vi klare å bryte den vonde forbrukssirkelen, må vi nok ha Mahatma Gandhi sine ord som rettesnor: «*Live simple, so that others may simply live*».


DYRK SAMMENHENGEN

Ditt liv er innfelt i jordens liv.

Alt er gitt deg til låns.

Alt skal du overlate til dem som følger etter.

(Frå «Hustavle», Kyrkjebladet nr. 3, desember 2017)



Lys Vaken i Vestnes sokn

Av Kristine Simonnes

Det blei arrangert Lys Vaken i både Tomrefjord og Vestnes for 6. og 7. klasse. Her møtte det opp mange 6.- og 7.klassingar som var fulle av liv og glede!

Det vart mellom anna arrangert drama, song og dans med akrobatikk! Seinare på kvelden fekk dei



Her koser dei seg med heimelaga pizza som spreke foreldre leverte på døra i Tomrefjord.



Engasjerte deltakarar som gir 100% innsats i lek!

servert pizza og snacks, noko deltakarane sette stor pris på. Det vart fortalt om Jesus og kven han er, og vi avslutta med ei koseleg lesestund om at alle er unike og verdifulle i Gud sine auge.



Det var ikkje mangel på liv, glede og entusiasme i Vestnes Kyrkje!



Både i Tomrefjord og i Vestnes fekk deltakarane male englar i mange ulike variantar. Her var det mange konsentrerte ansikt å sjå!

Ettermiddagskafé på Kyrkjestova i Tresfjord

Ettermiddagskafé på Kyrkjestova i Tresfjord

Følgjande tysdagar frå kl.16.30 - 18.30

11. des., 08. jan., 05. feb., 5. mars, 2. april, 7. mai og 4. juni
Inga påmelding, her er det berre å møte opp!

Treng du skyss til ettermiddagskafé?

Ring då til Silje Sylte

på telefonnr.: 950 93 306.

Ta kontakt i god tid så det kan samkjørast på best muleg måte.

Omsorgstilbodet er eit samarbeid mellom Tresfjord Røde Kors og Tresfjord sokneråd.



TUSEN TAKK


Vi vil seie tusen takk til alle som har vore med og redda økonomien til Kyrkjebladet. De har sett oss i stand til å betale gjelda frå haustnummeret og gi ut julenummeret utan å pådra oss ny gjeld.



BARNAS SIDE

Fargelegg

Jesús, Maria og Josef kjem heim til Nasaret.



Teikningar: Rikke Fjeld Jansen

Finn 5 feil

Engelen fortel Josef at dei må flykte til Egypt. Dei to bileta er nesten like. Finn du dei fem små feila på biletet til høgre?



Prikk til prikk

Teikne ein strek frå 1 til 2 og så vidare. Kva skjuler seg her?



Abonnér på barnebladet

BARNAS

16 blader + DVD eller bok
= berre 365,-

(privatabonnement
heim i posten)

Gruppeabonnement berre 199,-
per barn

Ting på barnas@sondagsskolen.no eller på telefon 22 08 71 00



Bibelteikneseriar
og gøyale aktivitetar!

Perfekt som
faddergåve!

Kyrkjeverja sitt hjørne

Det har vore ein hektisk haust med mange aktivitetar i kyrkjene våre. I tillegg til gudstenestene har vi arrangert konsertar og temakvelder. Vi driv for tida barnekor både på Heland skule og på Tomrefjord skule. I kjellarlokalet på kyrkjekontoret har vi «sittedans» for menneske med tilpassa behov, 10+ barneklubb og babysong der dei mellom 0 og 1 år kjem saman med foreldre. Det skjer med andre ord litt av kvart for menneske i alle aldrar. Vi har nettopp gjennomført ein week-end på Bjorli for dei som skal konfirmerast til våren. Der var det lagt inn både undervisning og meir uformelle sosiale aktivitetar som verkar miljøskapande for konfirmantane.

Utvidinga av kyrkjegarden på Vestnes er no ferdig, og vi trur det vil bli eit verdig og fint anlegg. Reiskapshuset på Fiksdal kyrkjegard var malingsslite og har no fått seg ein dose med maling. Soknerådet i Tresfjord har hatt ein dugnad på Kyrkjestova. Dei har lagt plater under taket for å få bort ein «ekko-lyd» som var svært plagsam i møtesalen.

Det har òg kome fleire nye ansikt i staben på kyrkjekontoret denne hausten. Anders Barstad blei tilsett som sokneprest i Tresfjord og Vike i august. Trusopplæraren vår, Ingvild Venås Sánchez, gjekk ut i fødselspermisjon i oktober, og Kristine Simonnes blei tilsett i eit vikariat over 2 år i hennar stilling. Sissel Schjøtt går av som kantor 1. desember. Då blir ho pensjonist. Vi vil takke Sissel for den flotte jobben ho har lagt ned i kyrkjene i Vestnes alle desse åra og ønske ho ei fin

tid framover som pensjonist. Jostein Maude er tilsett som ny kantor frå same dato, og vi ønsker han velkomen i staben.

Desember månad står for tur med mange aktivitetar i kyrkjene våre. Eg håper mange tek seg tid til å kome på gudstenestene, konsertane og dei andre arrangementa som skal gå føre seg der.

Til slutt vil eg ønske alle lesarane våre ei velsigna julehøgtid og eit godt nytt år!

Olav Egil Tomren
kyrkjeverje

VESTNES KYRKJEKONTOR

Ope måndag - torsdag kl. 08.30-15.00
Telefaks: 71184231

John Sylte, sokneprest
Telefon: 71184234/ 91865064
E-post: john.sylte@vestnes.kommune.no

Anders Barstad, sokneprest
Telefon 71184237/ 94846246
E-post: anders.barstad@vestnes.kommune.no

Reidun Blø, kontorsekretær:
Telefon: 71184232
E-post: reidun.blø@vestnes.kommune.no

Olav Egil Tomren, kyrkjeverje
Telefon: 71184235/ 91629416
E-post: olav.tomren@vestnes.kommune.no

Ellen Edvardsen, diakon
Telefon: 71184236/ 97499175
E-post: ellen.edvardsen@vestnes.kommune.no

Kristine Simonnes, vikar for trusopplærar
Telefon: 71184238/ 92896597
E-post: kristine.simonnes@vestnes.kommune.no

Jostein Maude, kantor:
Telefon: 71184230/ 92226151
E-post: jostein.maunder@vestnes.kommune.no

Geir Falch, kyrkjetenar: Telefon: 90217404

Nina Kvernmo, konfirmantlærar
Telefon: 95231698 , E-post: nkvernmo@online.no

Heimeside til kyrkjene i Vestnes:
www.vestnes.kyrkja.no

KYRKJEBLADET FOR VESTNES

Redaksjonskomité: Kari Moe Elgsaas, Asbjørn Gisnås,
Audbjørg Gjerde Lippert, Kari Nakken og Reidun Blø

Adresse: Kyrkjekontoret 6390 Vestnes

kyrkjebladet.vestnes@gmail.com

*

Vi oppfordrar dei som måtte ha forslag til stoff eller noko dei vil ha med i Kyrkjebladet, til å ta kontakt med redaksjonen.

Vi er avhengige av gaver til drift og distribusjon av Kyrkjebladet.

Kontonummer 4056.20.62124

**Kyrkjebladet har fått Vipps.
Vippsnummeret er: 511986**

**Det er mulig å bestille bladet
for dei som bur utanfor kommunen.**

Konsertar

Forkava julekonsert i Vestnes kyrkje 1. desember kl. 19.00



I år er det 5. året på rad dei Forkava damene held gratis julekonsert i Vestnes kyrkje. I år har dei valt å halde konserten litt tidlegare, allereie 1. desember. Dette gjer dei m.a. for å kunne utvide songvalet, så denne gongen vil programmet innehalde også andre songfavorittar enn berre «reinspikka» julemusikk. Nytt av året er også at konserten blir heilt akustisk, utan bruk av noka elektrisk forsterking. Dette gir andre og nye mulegheiter med tanke på felles klang og lydbilde m.m. Dette vil gi konserten eit meir intimt preg, noko dei trur vil kle årets program godt. Konserten vil innehalde fleire fleirstemte a-capella arrangement, men som vanleg, nokre innslag av diverse instrument blir det også. I år som åra før, er det ingen inngangsbillett, men frivillig kollekt ved utgangen for å dekke husleige og andre utgifter. *Julegåvene kjem tidleg i år. Hjarteleg velkommen på konsert!*

Konsert med Ytre Suløens Jassensemble, Vestnes kyrkje, Laurdag 8. des. kl.14.00

Med seg har dei god og varm julestemning, som dei er meir enn villige til å dele på. Det vert gospelmusikk og julesongar, og gåsehudgaranti! Om julestria er eit mas, så er dette konserten å gå på.



Alt kan gløymast mens du nyt musikken til bandet som er i sitt 45. år! Bandet er i storform, og med sjølvaste Tricia Boutté i spiss, så vert det nok ein uforgløyemeleg formiddag. *Vi sjåast.*

Konserten med Kystfolket Vestnes kyrkje 13. des. kl. 18.00



Kystfolket frå Kristiansund/Vestnes skal ut på ein juleturné, og kjem innom Vestnes kyrkje på sjølvaste Luciadagen 13. desember. Bandet vil framføre melodiar frå sitt eige repertoar, samt nye og tradisjonelle julemelodiar som høyrer til i denne førjulstida. Bandet har spelt saman sidan 2012 og har turnert i store delar av Noreg. Under konserten i Vestnes kyrkje vil elevar frå Vestnes Kulturskule også delta. Kystfolket er: Britt Elise Skram - fele, Jan Terje Sager - song/gitar, Ådne Jacobsen - gitar/mandolin, Freddy Bolsø - trommer, Kyrre Sætran - bass.

Konsert med Tomra Brass Band Vestnes kyrkje 15. des. kl. 18.00

Denne kvelden kan publikum komme i julestemning med kjente og kjære julesongar i tillegg til vakker vokal frå dei to unge songtalenta Julia Sofie Fjærli frå Tomrefjord og Amalie Øvstedal frå Vestnes. Amalie vil, med sin fløyelsmjuke vokal, framføre Mitt hjerte alltid vanker og Walking in the Air frå filmen The Snowman. Julia er eit stort operatalent, og vi kan glede oss til å høyre både Puccinis udødelege «O Mio Babbino Caro» og «O Helga Natt». Vi anbefalar å ta turen til Vestnes Kyrkje for ei stemningsfull oppleving i førjulstida.



Konsert med "Fire & Rain" i Vestnes kyrkje 13. februar kl. 19.00



Etter den formidable suksessen tidlegare i år med prosjektbandet Fire & Rain, bestemte vi oss i haust for at vi ville ut på kyrkjeturné på nyåret også i 2019. Dette viste seg å vere ei fin tid for å invitere folk ut til kyrjekonsertar rundt omkring, og at folk var klare for å gripe det nye året med musikk etter ei lang og mettande julefeiring. I 2018 hadde vi temaet "Country og gospel" – noko som slo veldig godt an. Etter ein liten prat under oppkøyringa til haustturné under same namn og tema blei det

kjapt bestemt at 2019 ville bli året då Fire & Rain ville reise rundt og presentere kjente og mindre kjente låtar på norsk. Slik blei temaet "En kveld på norsk" fødd. Kyrkjene som vil bli besøkte, er Kleive kirke, Øre kyrkje, Nesset kirke, Aukra kyrkje, Røvik kirke, Røbekk kirke og Vestnes kyrkje. Etter den fine mottakinga vi fekk i Vestnes sist, var det ei av kyrkjene vi visste vi ville tilbake til. Låtlista inneheld songar frå artistar som Bjørn Eidsvåg, Odd Nordstoga, Hellbillies, Vamp, Alf Prøysen og mange fleire.

Konsert med Helge Gravvold i Vestnes kyrkje 21. februar kl. 19.00

Vokalist, gitarist og låtskrivar Helge Gravvold har tidlegare gitt ut solide album med pop/rock og viser. Dei siste albuma med nynorske tekstar har alle-reie slått an både i Norge og langt utanfor landegrensene. No er Helge Gravvold endeleg klar med nytt album! "Ingen andre" kom ut 1. mai 2018.



Helge Gravvold er no klar for å reise rundt åleine utan bandet sitt og halde nokre solokonsertar med gitarane sine og dele av sitt musikalske univers frå alle albuma sine. Han har ein eigen evne til å trylle fram melodilinjer som festar seg og skaper ro og god atmosfære. Han er opptatt av at musikken og tekstane har sjel. Det han gjer, må vere truverdig og ekte, både for seg sjølv og for publikum. Den rutinerte artisten har over 30 års erfaring frå norske scener. Tekstane er det Bjørn Tore Bröske, Paul Wightman og Jørgen Gravvold som har skrive.

NMS sitt områdestemne for Romsdal 2019 på Vestheim

Det Norske Misjonsselskap (NMS) har søndag 24. mars sitt områdestemne for Romsdal i Vestnes. Dagen startar med deltaking på gudstenesta i Vestnes kyrkje og held fram med stemne på Vestheim ungdomssenter. Janne og Knut Bjune vil vere med som talarar på misjonsfesten. *Velkommen til misjonsdagen.*



KAFFEKROKEN



Slekters gang

Vestnes kyrkje

Døpte:

19.08 Mathilde Leah Vereide
19.08 Troy Knutsen Edvardsen
16.09 Ada Tanita Småge-Liabø
07.10 Lavrans Bech-Gjerde
28.10 Stella Sponberg Lid
28.10 Filippa Sponberg Neraas
18.11 Sanna Øveraas-Staurset
18.11 Erika Vik Solevågseide
18.11 Nils Aron Gjelsten Løvik

Vigde:

01.09 Lise Kristin Bjørdalsbakke og Patrick Lauglo Ekpete
22.09 Sigrid Kristin Øvstegård Sundet og Preben Morten Sundet

Døde:

12.08 Ivar Terje Vik
30.08 Jenny Legernæs
03.09 Johan Hjelvik
12.09 Liv Ellinor Rekdal
25.09 Nils Ødegård
27.09 Kirsten Sofie Bauer
29.09 Arvid Solstad
02.10 Ruth Ingebjørg Nerås
03.10 Ingvar Martin Grüner
13.10 Arne Salthammer

Vike kyrkje

Døpte:

02.09 Leonora Venås Rishaug

Døde:

01.09 Oddmund Vike

Tresfjord kyrkje

Døpte:

26.08 Klara Lehowska
14.10 Solveig Lindset
11.11 Anton Fiksdal Bjermeland
11.11 Hermine Heggdal Brudevoll
11.11 Luna Emilie Moen Hoel

Vigde:

18.08 Ragnhild Aakernes og Frode Gjerde
28.09 Elin Løvik og Jon Kåre Osdal

Døde:

22.09 Inge Palmer Kjellbotn
20.10 Jenny Solveig Myklebust

Fiksdal kyrkje

Døde:

04.11 Reidar Frostad

Gudstenester i Vestnes

(med atterhald om evt. endringar)

01. des. Laurdag

Fiksdal kyrkje kl. 18.00

Adventssong. Konfirmantane deltek.

Lys Våken. Utd. til 5. klasse.

Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

02. des. 1. s. i advent

Myra kulturhus kl. 11.00

Storfamiliegudsteneste. Sittedans

deltek. Takkoffer til Wycliffe.

Adventskonserter:

09. des. Fiksdal kyrkje kl. 15.00

09. des. Vike kyrkje kl. 17.00

16. des. Vestnes kyrkje kl. 16.00

23. des. Tresfjord kyrkje kl. 19.00

16. des. 3. s. i advent

Vestnes sjukeheim kl. 11.00

Nattverdsgudsteneste.

Tresfjord trygdeheim kl. 16.00

Nattverdsgudsteneste.

24. des. Julaftan

Julaftangudstenester:

Tresfjord kyrkje kl. 14.00

Takkoffer til Eigen kyrkjelyd.

Vestnes kyrkje kl. 14.00 og 16.00

Takkoffer til Barnevakten (14.00) og

Misjonsprosjektet i Etiopia (16.00).

Vike kyrkje kl. 16.00

Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.

25. des. 1. juledag

Vestnes kyrkje kl. 12.00

Høgmesse. Nattverd. Takkoffer til

Det Norske Misjonsselskap.

Fiksdal kyrkje kl. 12.00

Familiegudsteneste. Takkoffer til

Det Norske Misjonsselskap.

26. des. 2. juledag

Tresfjord kyrkje kl. 11.00

Høgmesse. Nattverd.

Takkoffer til Det Norske Bibelselskap.

30. des. Romjuls søndag

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Gudsteneste.

Takkoffer til Stefanusalliansen.

06. jan. Kristi openberringsdag

Vike kyrkje kl. 16.00

Nyårsfest.

Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

13. jan. 2. s. i openberringstida

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Høgmesse. Nattverd. Takkoffer til

Eige barne- og ungdomsarbeid.

Fiksdal kyrkje kl. 18.00

Kveldsgudsteneste. Nattverd.

Takkoffer til Bibelselskapet.

19. jan. Laurdag

Vestnes kyrkje kl. 18.00

Gudsteneste med Trøkk. Nattverd.

Takkoffer til KRIK.

20. jan. 3. s. i openberringstida

Tresfjord kyrkje kl. 11.00

Familiegudsteneste. Nattverd.

Utd. til 1. klasse.

Takkoffer til Eigen kyrkjelyd.

03. feb. 5. s. i openberringstida

Fiksdal kyrkje kl. 11.00

Tårnagentgudsteneste.

Utd. til 1. klasse. Kyrkjekaffi.

Takkoffer til Søndagsskolen

Romsdal krets.

10. feb. 6. s. i openberringstida

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Tårnagentgudsteneste.

Utd. til 1. klasse. Kyrkjekaffi.

Takkoffer til Eige barne- og

ungdomsarbeid.

Vike kyrkje kl. 18.00

Kveldsgudsteneste. Nattverd.

Takkoffer Misjonsprosjektet i Nepal.

17. feb. Såmannssøndag

Tresfjord kyrkje kl. 11.00

Høgmesse. Nattverd.

Takkoffer til Trusopplæringa i soknet.

24. feb. Kristi forklarelsesdag

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Høgmesse. Nattverd. Kyrkjekaffi.

Takkoffer til Sjømannskyrkja.

03. mars Fastelavnssøndag

Vike kyrkje kl. 11.00

Høgmesse. Nattverd. Takkoffer til

Utsmykking av kyrkja.

Tomrefjord Kristne Forsamlings-
hus kl. 18.00

Kveldsgudsteneste. Nattverd.

Kyrkjekaffi. Takkoffer til Tomrefjord

Kristne Forsamlingshus.

16. mars Askeonsdag

Vestnes kyrkje kl. 18.00

Skriftemålgudsteneste.

10. mars 1. s. i fastetida

Fiksdal kyrkje kl. 11.00

Høgmesse. Nattverd. Takkoffer til

Misjonsprosjektet NMS. Årsmøte.

Vestnes kyrkje kl. 18.00

Gudsteneste med Trøkk. Nattverd.

Kyrkjekaffi. Takkoffer til Norges

KFUK/ KFUM.

17. mars 2. s. i fastetida

Vike kyrkje kl. 11.00

Tårnagentgudsteneste. Nattverd.

Utdeling til 1. og 3. klasse.

Takkoffer til Trusopplæringa i soknet.

Tresfjord kyrkje kl. 18.00

Tomasmesse. Nattverd.

Takkoffer til KFUK/ KFUM.

24. mars Maria bodskapsdag

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Høgmesse. Nattverd. Takkoffer til

Det Norske Misjonsselskap.

Områdestemne NMS på Vestheim.

31. mars 3. s. i fastetida

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Høgmesse. Nattverd. Takkoffer til

Kirkens SOS Møre og Romsdal.

Fiksdal kyrkje kl. 18.00

Høgmesse. Nattverd.

Takkoffer til Kyrkjebladet.

07. april 4. s. i fastetida

Vike kyrkje kl. 11.00

Høgmesse. Nattverd.

Takkoffer til Eigen kyrkjelyd.